

INFORMASJON OM KURS I OFFENTLEG HELSEARBEID I KOMMUNEHELSETENESTA 3. og 4. oktober 2019

Tid: torsdag 3. og fredag 4. oktober 2019

Stad: Leikanger Fjordhotel, 6863 Leikanger

Målgruppe: LIS1, turnuskiropraktorar og turnusfysioterapeutar i kommunehelsetenesta i Hordaland og Sogn og Fjordane hausten 2019.

Kurset er obligatorisk, og det er frist for påmelding 15. september 2019. Alle må melde seg på elektronisk [her](#).

Kurset startar klokka 08.15 på Leikanger Fjordhotel, Leikanger. Alle med lang reiseveg bør difor kome kvelden før.

NB! For LIS1: Det vert arrangert grupperettleiing på Leikanger Fjordhotel onsdag den 2. oktober. Det er [eigen påmelding for dette kurset på våre nettsider](#). Hugs å krysse av for om du treng overnatting eller ikkje. For dei som skal delta på grupperettleiing på onsdagen, dekker vi overnatting frå tysdag 1. oktober. Det vert enkel servering på tysdag kveld.

Hotellet serverer middag for alle som ynskjer det om kvelden 2. oktober. På fredag avsluttar vi med lunsj som byrjar klokka 13 00. Kurset er gratis for deltakarane og Fylkesmannen dekker to overnattingar, frå 2.- 4.oktober. For dei i LIS1 som skal delta på grupperettleiing på onsdagen, dekker vi overnatting frå tysdag 1. oktober.

For kandidatar frå Hordaland minner vi om at det går båt frå Bergen på kvardagar klokka 16.30 som er i Leikanger klokka 20.45. Hotellet ligg ved kaien. Når det gjeld tilbakereise, så er det mogeleg å ta buss attende til Bergen på fredag 13.55 og 15.20. For dei som må bruke eigen bil, ber vi om at de køyrer fleire saman.

Reiserekningar

Når du skal krevje honorar eller sende reiserekning til Fylkesmannen, må du bruke dette skjemaet for å registrere deg som ekstern mottakar

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/fylkesmannen/bruker?retur=%2fedocument.viewer%2ffylkesmannen%2feksterne&shortname=eksterne&securitylevel=3>

Når du har vorte registrert som brukar kan du legge inn kravet her:

<https://dfo.no/kundesider/reiseregning/reiseregning-for-honorarmottakere>

Utbetalinga skjer via appen "Betalmeg»

Kontaktinformasjon

Leikanger Fjord Hotel: www.leikanger-fjordhotel.no

Telefon: 95706398 eller 57 65 60 20

Kontaktinfo: post@leikanger-fjordhotel.no